



NÆRMILJØUTVALGET BAKKEN KRINS - VEDTEKTER

§1 NAMN

Utvalets namn: NÆRMILJØUTVALGET BAKKEN KRINS.

§2 FOREMAL

Utvalet er partipolitisk uavhengig. Utvalets føremål er å styrka nærmiljøet og ivareta innbyggjarane sin felles interesser i krinsen. Det skal og arbeida for eit godt bumiljø. Utvalet kan ta opp alle saker som fremjar desse interessene. Utvalet er ein høringsinstans i samband med kommuneplanar og anna som har med krinsen eller nærmiljøet å giera.

§3 UTVALETS GEOGRAFISKE OMRÅDE

Utvalets geografiske område er bygdene Hjelme, Sæle, Bakken, Svellingen, Hellesund og Hellesøy.

§4 STYRESTRUKTUR

Utvalet har 5 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Om det er mogeleg bør bygdene og ein fritidsbuande være representert i styre.

Styret konstituerer seg sjølv og kan ha følgjande samansetning: Leiar – nestleiar – kasserar – skrivar – styremedlem. Styret kan ta avgjerder når minst halvparten av det valte styret er tilstades og leiaren er ein av dei. Når ein røyster nyttar ein simpelt fleirtal. Ved likt røystetal har leiaren dobbeltrøyst.

§5 STYREMØTE

Det vert halde styremøte når det trengst, men minimum fire pr. år. Det vert halde styremøte når leiaren bestemmer, eller når minst to av styremedlemmene forlanger det. Det er leiaren som kallar inn til møte. Varamedlemmene kan møta på alle styremøte.

§6 ÅRSMØTE

Det skal haldast årsmøte ein gong for året, innan utgangen av mai. Møtet skal kunngjerast minst fjorten dagar for møtet skal haldast. Forslag til saker må styret ha innan den fristen som vert sett. Årsmøtet behandlar årsmelding, rekneskap, innkomne saker og val. Årsmelding og rekneskap skal sendast Øygarden kommune ved ordføraren.

§7 VALKOMITE OG REVISOR

Årsmøte oppnemner valkomite på 3 medlemmer og velger 1 desisor.

§8 VAL

Det vert halde eige val på leiar på årsmøtet. Ellers konstituerar styret seg sjølve. Leiar, styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år om gangen. Alle kan ta attval. Styret skal sikra kontinuitet. Vedteke på årsmøte den 25. mai 2015.